

## **GULLSEKKEN TIL GOSEN**

Gosen ungdomsskule i Stavanger er landets beste skule til å arbeida med Den kulturelle skulesekken! For denne innsatsen fekk dei utdelt Gullsekken 2009 under Nasjonal nettverkssamling for Den kulturelle skulesekken (DKS) i Hamar 17. mars 2009. Det var statssekretær Halvard Ingebriktsen frå Kultur- og kyrkjedepartementet og direktør i Norsk Tipping, Torbjørn Almlid, som delte ut den gjæve prisen.

### Billettekst:

Frå venstre: Torgeir Reiten og Bente Dyrseth frå Trøndelag Teater (vinnarar av beste produksjon), direktør i Norsk Tipping, Torbjørn Almlid, elevrådsleiar ved Gosen skule, Stephanie Owusu-Boakye, statssekretær Halvard Ingebriktsen og Åsmund Berge Jenssen frå Gosen skule.

I statuttane for "Gullsekken" står å lesa: *Prisen for beste skole skal gå til en skole som arbeider med Den kulturelle skulesekken i tråd med målene og prinsippene for stasinga. Skolen skal vise at den legger til rette for at alle elevene gjennom sin skoletid får møte profesjonell kunst og kultur i alle sjangre, og at den integrerer kunst- og kultur møtene i skolens øvrige virksomhet.*

Prisen er på 100.000 kroner, og pengane skal gå til skulens arbeid med kunst og kultur. Gosen skule vann prisen i tett konkurranse med tre andre finalistar – den eine av desse var Kolnes skule frå Karmøy. Rogaland hevda seg med andre ord i toppskiktet med begge dei nominerte skulane!

Gosen skule har dokumentert eit langvarig og breitt engasjement innan kunst- og kulturarbeid. Dette har dei nedfelt i "Kvalitetsplan for Gosen skole 2007 – 2011", der kultur er eige fokusområde. Skulen arbeider aktivt for at kunst- og kulturaktivitetar og den estetiske dimensjonen skal gjennomsyra heile skulens verksemd – som ein naturleg del i alle fag. Gosen skule kan visa til kulturtiltak innan alle genrar, både som elevaktivitetar og i form av samarbeid med profesjonelle kunstnarar og kunstinstitusjonar. Gosen skule var europeisk pilotskule for kulturbyåret Stavanger2008.

## **Den kulturelle skulesekken**

Kvart år legg skulen eit kulturprogram for året der turnéane frå Rikskonsertane/Den kulturelle skulesekken er faste søyler i årsplanane saman med andre faste tradisjonar.

Måla for Den kulturelle skulesekken er

- å medverka til at elevar i skulen får eit profesjonelt kunst- og kulturtilbod
- å leggja til rette for at elevar i skulen lettare skal få tilgang til, gjera seg kjende med og utvikla forståing for kunst- og kulturuttrykk av alle slag

- å medverka til å utvikla ei heilskapleg innlemming av kunstnarlege og kulturelle uttrykk i realiseringa av skulen sine læringsmål.

Gosen skule har lang tradisjon for at alle markeringar, som til dømes FN-dagen og høgtider, skal ha kulturinnslag frå elevane, gjerne i kombinasjon med profesjonelle krefter som skulen leiger inn. Det er òg tradisjon for at produksjonar og arrangement vert behandla skikkeleg på formidlingssida. Plakatar, omtalar på heimesidene, program, dvd-ar, cd-ar etc. er alle utarbeidde med det for auge at elevane skal behandlast som profesjonelle utøvarar.

Vekslinga mellom å møta profesjonell kunst og eigenaktivitet er fruktbart. Mange ungdommar er aldri innom kunstinstitusjonar på fritida, og skulen synes difor at det er viktig å gi dei opplevingar på deira eigen arena. Galleri Gosen er arenaen der elevane sjølv får vist sine arbeid, og utstillingane vekslar etter emna elevane har i kunst og handverk. Skulen har i mange år hatt eit prosjekt gjennom DKS, der ein profesjonell kunstnar gir elevane innføring i samtidskunstomgrepet. Elevane lagar så arbeid til ei eiga utstilling, som er open for publikum.

Kulturaktivitetar vert og nytta for å sveisa elevane saman når nye åttandeklassingar kjem til skulen for første gong.

## **Europeisk pilotskule**

Gosens kulturbysatsing var svært ambisiøs og bygde på erfaringar frå det treårige kunstprosjektet *Samtidig med tiden*, der ei lite utval stavangerskular samarbeidde med Stavanger symfoniorkester, Rogaland teater, kulturskulen, Rogaland kunstmuseum og DKS Rogaland. Gosens avslutningsbidrag i dette prosjektet var ei veke med kulturverkstader for heile 10. trinn innan eit breitt felt estetiske uttrykk. Prosjektet munna ut i ei stor framsyning med inviterte gjester, der alle "produkta" vart viste.

Då skulen fekk status som europeisk pilotskule for kulturbyåret, vart konseptet vidareutvikla til internasjonale kulturverkstader for ungdom. Prosjektet har førebels gått over tre år, og er meint å vidareførast i noko mindre skala i åra framover. Til kulturverkstadane vart elevar og lærarar frå Liverpool i England, Antsirabe på Madagaskar, Nablus på Vestbredden og Flensburg i Tyskland inviterte, i tillegg til elevar frå heile Gosens 8. trinn og andre stavangerskular. Også desse verkstadene varte i ei veke. Profesjonelle kunstnarar og skulens egne tilsette stod for det faglege innhaldet i verkstadene, og i 2008 var også Stavanger kunstforening inne som arena for verkstader og som visningsstad.

## **Kompetansebygging**

Gosen skule registrerer utdanninga og fritidsinteressene til dei tilsette og legg til rette for vidareutdanning og kompetanseheving for kvar enkelt. Tilsette vert oppmoda om å bruka sin spesielle kompetanse i undervisninga der det passar, eller som midttime-tilbod for elevane.

Skulen har tilsette som òg er profesjonelle musikarar og biletkunstnarar, og også tilsette med teoretisk utdanning innan kunstfeltet. Gosen kan dermed gi elevtilbod på fleire felt, mellom anna dans, kor, korps, band etc, og dei brukar òg dans og drama i undervisninga.

Skulens satsing på revy har bygd opp kompetanse på lyd - og lys, opptak og musikk- og filmproduksjonar - skulen har eige lydstudio og fleire verkstader for musikk, dans og kunst og handverk.

På Gosen er det bibliotekaren som er kulturkontakt. Sidan bibliotekaren ikkje er bunde opp i undervisning gir det fleksibilitet i forhold til å kunna ta imot gjestande kunstnarar og leggja til rette for gode arrangement. Til hausten skal elevar gå på kurs i regi av DKS for å læra å bli arrangørar av konsertar og andre kulturarrangement.

## **Visuell kunst**

Visuell kunst har stor plass på Gosen ungdomsskule. Med eigne kunstgalleri – Galleri Gosen og Ung kunst – har elevane dagleg tilgang på både eigenprodusert og profesjonell kunst. "Ung kunst", skulens samling av samtidskunst, består av verk innan mange sjangrar og uttrykk. Både fotografi, måleri og grafikk er representert. Representert i samlinga er til saman 13 norske og utanlandske kunstnarar, mellom andre Natasja Askelund, Pushwagner, Jon Kåre Raustein, Andreas Tokarov, Kjartan Slettemark, Ole Martin Lund Bø og Anita Tjemsland. Målet for samlinga er ikkje berre å gi elevane høve til å sjå interessante kunstverk av profesjonelle kunstnarar, men og å gi dei innføring i teknikkar og uttrykk, sett i ei kunsthistorisk perspektiv. Arbeida er valde ut slik at dei òg kan brukast til å diskutera emne i tverrfagleg undervisning, til dømes i RLE, norsk, samfunnsfag og historie, og samlinga vert fortløpande supplert.

Det er òg verdt å nemna at skulen legg vekt på estetisk utforming av omgivnadene, slik at elevane møter estetisk design og god formgjeving både i sjølve skulebygget, på materiell og i læremiddel. Fellesområda, både ute og inne, vert brukte som arena for utstillingar og kulturaktivitetar og det er spesiellaga montre til bruk til utstillingar både ute og inne.

## **Musikk og scenekunst**

Spesielt for Gosen er den årlege revyen, som snart kan feira 20-årsjubileum. Revyen involverer mest alle elevar på 9. og 10. trinn i ei satsing som ein må oppleve for å forstå omfanget av. Revyen har nytt manus kvart år, basert på budskapet at alle er verdfulle, at ein må ha respekt for andre og tora å tru på seg sjølv. Før revyen får endeleg form, er det registrering av og audition for elevane. Dei som har spesielle talent vert skrivne inn i handlinga, slik at dei får vist kva dei kan, elles vert rollane fordelte etter ønske og talent. Revyarbeidet går over mest eit skuleår, med intensive øvingar i tida før premiere.

Revyen vert spela over vel ei veke, med 18 framsyningar og ca 8000 besøkande.

## **Film**

Mange av Gosens prosjekt startar i det små og utviklar seg til å bli profesjonelle aktivitetar etterkvart. Eit av døma er revyen, eit anna Kreativ film, som nå er ein DKS-produksjon. Det starta som eit pedagogisk læringsverktøy på skulens avdeling for elevar med spesielle læreplanskar. Opplegget vart vidareutvikla og er no, ved sida av å vera eit av DKS-tilboda, ei heimeside der alle kan læra om animasjon, laga filmar og visa dei.

Skulen har og satsa på videoprojekt der elevane på 10. trinn har laga eigne spelefilmar. Dei står sjølv for manus, skodespelarprestasjonar, filming og redigering. I enkelte høve har også profesjonelle filmskaparar deltatt. For å synleggjera elevanes arbeid arrangerer Gosen kvart år visning i Stavangers Kino1, under Barne- og ungdomsfilmfestivalen.

## **Litteratur**

Biblioteket har en sentral funksjon på Gosen, både som ein stad elevane får formidla skjønnlitteratur og ein stad dei kan søka kunnskap. Biblioteket skal og fungera som sosial og kulturell møtestad.

Fleire profesjonelle kunstnarar har hatt biblioteket som base for sine møte med elevane. DKS-produksjonen Tvangsteateret, med Tore Renberg og Vegard Hoel, har vore hyppige og populære gjester. Ekstra kjekt for elevane er det jo at Renberg sjølv har gått på Gosen.

## **Suksessfaktorane**

- Eg skal alltid vera stolt av å ha gått på Gosen, sa elevrådsleiar Stephanie Owusu - Boakye, då Rogalands avis intervjuar henne i samband med Gullsekken-prisen.

Kva er det som gjer at Gosen skule har lukkast med å få kunst og kultur til å vera ein så integrert del av det faglege og sosiale miljøet?

Vi spør rektor Hilde Solberg.

- For å lukkast med kultursatsinga må leiinga ved skulen prioritera området. Det vil seia at skolens leiarteam, rektor og inspektørane, må ha kunnskap og innsikt i verdien av kunst og kultur i barn og ungdoms liv, og aktivt arbeida for at kunst og kultur skal bli ein viktig del av skulekvardagen. Utan forankring i leiinga vil eldsjeler blant tilsette fort gå trøytt og få ei kjensle av å bruka tid og krefter på noko skulen ikkje prioriterer, seier Solberg.

- Likeeins må driftsstyret som det øvste organet på skulen følgja opp kultursatsinga gjennom vedtak av planar og budsjett. Viktig er òg at kunnskapen om verdien av kunst og kultur i skulen vert delt av personalet og støtta av foreldra. Då blir unødige konflikhtar om tidsbruk og ressursar unngått, held ho fram.

- Og når dette er på plass, er kartlegginga av personalets kompetanse viktig. Ingen likar å bli sett til aktivitetar dei ikkje meistrar. Men dei fleste deler meir enn gjerne av kunnskapen dei har. Nokre av skulens kulturtilbod vil dermed variera med den kompetansen som til ei kvar tid finst på huset og det er tradisjon for å gi, medan DKS - produksjonane sikrar elevane mangfald, avsluttar Hilde Solberg.

At leiinga er viktig, vart og poengtert då Gullsekken vart delt ut – saman med det internasjonale engasjementet som Gosen skule har utvikla.

Men det er vel ikkje nok at leiinga vil og kan, det må vel meir til for å lukkast som landets beste på kunst og kultur? Kva råd kan du gje andre skular som ønskjer å bli betre på dette feltet? Vi spør Karin Sunderø, prosjektkoordinator, bibliotekar og kulturkontakt.

- Det er viktig å halda alle dei tilsette informerte om kva for produksjonar som kjem til skulen frå Rikskonsertane og DKS, slik at dei i god tid kan tenkja ut korleis dei kan bruka profesjonelle framsyningar og verkstader i undervisninga og leggja dei inn i planane. Skulen har god tilgang på lokale og utstyr som instrument, mikrofonar, høgtalarar, lys etc., og vi har folk som kan bruka dette utstyret. Det gjer det lettare å ta imot og nytta til fulle konsertar og andre produksjonar som kjem.

- Foreldre og samarbeidspartnarar må informerast skriftleg når vi har større prosjekt, så tidleg som råd, så ein sikrar velvilje og engasjement og unngår misforståingar. Det er utruleg kva utfordringar som kan dukka uventa opp undervegs, så det er viktig å vera fleksibel og kunne endra planar og kurs. Evaluering i etterkant er òg naudsynt for å unngå å gjera same feil om att, og for å sjekka at arrangementet var vellukka både for deltakarar og instruktørar. Det er jo ikkje alle arrangement som er vellukka nok til at dei bør gjentakast. Kort sagt er organiseringa særst viktig for at satsinga skal bli vellukka, fortel Sunderø entusiastisk.

Og det er nettopp denne entusiastiske kjensla for skulen dei formidlar alle tre: elevrådsleiaren, rektoren og kulturkontakten, og som Gosen skule ønskjer å dyrka fram: ei kjensle av å bli sett og verdsett for det ein er og kan bidra med.